



Fitjar kommune
Postboks 83
5418 FITJAR

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åse Vaag, 5557 2188

Oppstartsmelding - Planprogram - Fitjar - Kommuneplan samfunnsdel - 2020 - 2040

Vi viser til oversending av planprogram frå Fitjar kommune med uttalefrist 25.03.19.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 11-1 at kommunen skal ha kommuneplan med arealdel, samfunnsdel og handlingsdel. Fylkesmannen er såleis positiv til at kommunen nå går i gang med revisjon av samfunnsdelen.

Det går fram av rettleiar T-1492 s. 8 at samfunnsdelen ikkje skal vere meir omfattande enn nødvendig. Ein skal tilpasse planen til kommunen sitt behov. Samfunnsdelen til kommuneplanen skal på den måten vere eit handlingsretta dokument som skal peike ut nokre prioriterte satsingsområde, mål og strategiar for å nå måla, jf. pbl § 11-2.

Kommunal planlegging skal fremme heilskapen i samfunnet, jf. pbl § 3-1. Det gjer at den kommunale planlegginga må ta omsyn til og ivareta både nasjonale, regionale og kommunale mål, interesser og oppgåver. Kommunen må vurdere om ein har ivareteke godt nok dei oppgåvene og omsyna som går fram av pbl § 3-1 bokstavane a-h. Det gjeld m.a. folkehelse, barn og unge, berekraft, tiltak mot klimaendringar, gode bustadområde og næringsutvikling. Vidare går det også fram av Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og statlege planretningslinjer kva kommunane særleg skal ta omsyn til i planlegginga si.

Fylkesmannen vil komme med merknader til følgjande område:

Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen meiner generelt at det er trong for større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane sine planprosessar for å førebyggje mot uønskte hendingar. Som eit minimum bør kommunen følgje opp dei forventningane som går fram av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-5/18 *Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel*.

Kommunen skal i følgje forskrift om kommunal beredskapsplikt § 1, jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorar i kommunen. Målet er å redusere



risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdier. Det er vidare krav til at kommunen utarbeider ein heilskapleg ROS-analyse som skal gje grunnlag for kommunen sine langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og planar for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, jf. sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 og § 3.

Om samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel (H-5/18)

I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen kartlegge langsiktige utfordringer tilknyttet samfunnssikkerhet, og fastlegge mål og strategier for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet jf. § 11-2. Eksempel kan være plan for vannhåndtering. Fastsettelsen av mål og strategier skal baseres på funn fra helhetlig ROS-analyse og plan for oppfølging. **Arealstrategien i den kommunale planstrategien vil også være en viktig premisse for oppfølging av temaet samfunnssikkerhet i samfunnsdelen. Kommuneplanens samfunnsdel og en eventuell kommunedelplan for samfunnssikkerhet skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende årene eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig. Det er viktig at tiltak som omhandler samfunnssikkerhetsmessige utfordringer forankres i kommuneplanens handlingsdel, siden denne prioriterer, planlegger og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.** Arbeidet med økonomiplanen kan samordnes med kommuneplanens handlingsdel, forutsatt at kravene i både plan- og bygningsloven og kommuneloven etterleves. **Dersom arbeidet med samfunnssikkerhet utløser utgifter, må dette innarbeides i økonomiplanen slik at det gis et reelt handlingsrom til å foreta arbeidet. Økonomiplanen skal blant annet gi en realistisk oversikt over prioriterte oppgaver i planperioden.**

Klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Regjeringa vedtok hausten 2018 nye *statlege planretningslinjer (SPR) for klima og energiplanlegging og klimatilpassing*. Disse må kommunen innarbeide og leggje til grunn for planlegginga framover. Ifølgje retningslinjene skal kommune bidra til å redusere klimagassutslepp og arbeide for miljøvenleg energiomlegging. I tillegg har dei nye retningslinjene krav til planlegging for tilpassing til klimaendringane.

Vi viser til at Fitjar kommune sin gjeldande Klima- og energiplan er frå 2009. Kommune har til no ikkje gjort vedtak om å revidere denne. Vi vil difor rå til at kommunen innarbeider føringane i SPR for klima i kommuneplanen sin samfunnsdel, som vil vere eit sentral styringsdokument i åra framover. Dette er viktig, ikkje minst fordi klimainnsatsen vil sette krav til samarbeid og samordning på tvers av ulike sektorar, både internt og mot statlege etatar og andre relevante partar utanom kommunen. Døme på aktuelle tema for Fitjar er den langsiktige utviklinga i kommunen når det gjeld utbyggingsmønster, transportmønster og arealbruk. Vidare er energi- og utslippreduksjon sentrale tema. Når det gjeld klimatilpassing må kommunen leggje til grunn tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag om klimaframskrivingar i sin planar og vedtak. Vi viser elles til rettleiing på relevante nettstader, mellom anna miljokommune.no/klima.

Folkehelse

Fylkesmannen vil gjere merksam på at alle planar etter plan- og bygningslova skal bidra til å fremje folkehelsa og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1.

Operasjonalisering av folkehelseomgrepet

Folkehelse er nemnd som grunnleggande prinsipp i kapittel 2.3. Folkehelseomgrepet er vidt, og det



ville være oppklarande om det gjekk fram kva deler av folkehelsearbeidet Fitjar vil prioritere i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Krav til oversikt over helsetilstand og påverkningsfaktorar i kommunen

Kommunen skal ha kontinuerleg oversikt over folkehelsa. Denne oversikta skal dokumenterast som ein del av ordinær verksemd. Folkehelselova krev at kommunen har eit skriftleg dokument som identifiserer folkehelseutfordringar i kommunen. Dette skal utarbeidast / reviderast kvart fjerde år. Fitjar sin kommunehelseprofil er frå 2013, og bør reviderast.

Folkehelseoversikt som grunnlag for kommunalt planarbeid

Vi kan ikkje sjå at planprogrammet nemner Fitjar sin folkehelseoversikt som grunnlag for vidare arbeid. Folkehelselova krev at «Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringar kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten»

Fitjar kommunehelseprofil 2013 viser at mobbing i skulen, fråfall i vidaregåande skule og uføretrygda mellom 18 og 44 år er område som Fitjar bør prioritere. Oversikta viser også at sosial ulikskap i helse og psykisk helse hjå barn og unge er viktige utfordringar. Slik hovudtemaa for Fitjar sin KPS er presenterte, går det ikkje fram om dette er tema ein vil inkludere det vidare arbeidet.

I Fitjar sin planstrategi 2016- 2019 står «Plan for fremjing av folkehelse» på lista over kommunale planer, utan markering, og tolkast som ingen planaktivitet. I kommentarfeltet står det at planen har behov for revisjon, men at dette er utsett grunna tids- og kapasitetsmangel. Dette styrkjer inntrykket om at kommunen ikkje har ein oppdatert og god nok oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og negative faktorar som kan virke inn på denne.

Sosial bustadpolitikk

Utvikling av gode bustader og nærmiljø er viktige tiltak i kampen mot sosial ulikskap i helse, barnefattigdom og manglande integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktingar. Ein sosial bustadpolitikk og godt bustadsosialt arbeid kan høyre inn under fleire av kommuneplanen sine hovudtema, men er ikkje spesielt nemnt nokon stad i dokumentet.

Kjelder og ressursar:

Helsedirektoratets ressurside om systematisk folkehelsearbeid:

<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/folkehelsearbeid-i-kommunen/systematisk-folkehelsearbeid>

Lov om folkehelsearbeid i kommunen: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29#KAPITTEL_2

Forskrift om oversikt over folkehelsa: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-06-28-692>)

Barn og unge

I følge pbl § 1-1 femte ledd og pbl § 3-1 bokstav e skal omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår ivaretaast i planlegginga. Samfunnsdelen bør vise til gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunen, jf. data i Naturbase. Det er viktig å leggje dette til grunn i arbeidet med å følgje opp og sikre Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, ikkje minst når det gjeld område som er viktige for barn og unge, der dei oppheld seg. Å sikre grønne areal i nærmiljøa er og viktig i satsinga for å sikre nasjonale mål innan folkehelse.

Det følgjer også av rikspolitisk retningslinje for barn og unge og rundskriv T-2/08 at kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i all si planbehandling.



Planprosessen må organiserast slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, for at synspunkt som gjeld barn skal kome fram og verte ein del av prosessen. Vi viser elles til temarettleiar T-1513 om barn og unge og plan-legging etter plan- og bygningslova, samt rettleiar H-2302 om medverknad i planlegging.

Framtidig utbyggingsmønster og folketalsutvikling - arealstrategi

Samfunnsdelen skal gje føresetnader for arealdelen. Kommunen bør såleis analysere behovet for nytt utbyggingsareal for bustadar på bakgrunn av prognosar for folketalsvekst og eksisterande utbyggingsareal. Det same gjeld for næringsareal. I samfunnsdelen bør ein vidare gjere ein analyse av alternative strategiar for framtidig utbyggingsmønster, jf. pbl § 11-2 første ledd.

Landbruk

Målet i den nasjonale jordvernstrategien er at årleg omdisponering av dyrka jord skal vere under 4000 dekar for heile landet samla. Ei langsiktig grense mot utbygging er eit godt verke-middel for å sikre føreseielege tilhøve for landbruksnæringa. Det er først og fremst tema i arealdelen, men kan i samfunnsdelen ligge som ein føresetnad for arbeidet med arealdelen.

Vi viser vidare til nasjonale forventningar til kommunal planlegging der det går fram at kommunane skal sikre viktige jordbruksområde, og legge til rette for nye og grønne næringar i tilknytning til jordbruk og skogbruk.

Medverknad

I plan- og bygningslova er det lagt stor vekt på at kommunane skal legge til rette for medverknad i kommuneplanlegginga, også for grupper som krev spesiell tilrettelegging, som barn og unge. I rettleiar H-2302 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan ein få meir informasjon om korleis ein sikrar auka deltaking i kommunale planprosessar.

Vi rår til å ta i bruk rettleiar T-1492 om kommuneplanprosessen samfunnsdelen – handlings-delen i det vidare planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til med planprosessen!

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Åse Vaag
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent